

Referat frå styremøte 24.03.26

Til stades: Ingrid Haugstad Håland, Ann Karin Hammer, Astrid Skretting, Anne Kristine L. Andersen, Rita Aase Austvoll og Åse-Berit Fidjeland, samt Anne Margrethe Myhre og Valborg Roalkvam Sandal (frå 17.10) på Meet

Fråverande: Gisken Hareland og Trine T. Helleberg

Sakliste:

Sak 01/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjent

Sak 03/2026 Konstituering nytt styre
Nestleiar og sekretær: Åse-Berit
Kontaktersonar ulike lag og foreiningar:
Bondelaget: Astrid
Bygdeungdomslaget: Anne Kristine
4H: Gisken

Sak 06/2026 Evaluering av årsmøtet

Frå lokallaga - kunngjering og innkalling på same tid til alle, fint at alle fekk koma til på årsmøtet, artig å høyra på andre lag —> 2 minutt, opplyst om i forkant av årsmøtet. Fint med samfunnshus som møtelokale, litt mykje lyd i matsalen. Kommentar i evalueringa: "Tusen takk for at de gidd"

- annonseinntektene med spørsmål frå lokallaga og svar til distriktslaget; Anne Margrethe følte seg som mellommann, purra difor meir enn naudsynt
- har laga tekstforslag til annonseførespurnad og skjema/kontrakt for underhaldninga, vedlegg 1
- leiar sin tale bør vera sett på spissen for å få meir gang på ordet fritt, og presentasjon av lokallaget før ordet fritt
- samla helsingane; nå var det lokallaga, så RBK, ordførar, NBK og innleiar
- litt kaos i overnattingsdelen, for enkelte ringe direkte til hotellet. Komiteen overnatta på Dampen, gjestene på hotellet
- Innkalling etter vedtektene, men vedtektene er noko snaue: Delegatane blir valde på lokallagsårsmøtet, observatørane må følgja litt med på kunngjering, på Sola **må** me ha bindande påmelding
- endring i tidspunkt for årsmøtet; heng saman med at det er tid til å senda inn saker frå lokallaget til distriktsårsmøtet
- ta med det som skal opp på landsmøtet

Sak 04/2026 Økonomioversikt
Orientering om økonomien pdd.

Sak 07/2026 Gjennomgang av retningslinjer for styret sitt arbeid
Utsett til neste gong

Sak 08/2026 Arbeidsplan og møteplan
12. mai
16. juni
25. august

22. september
13. oktober
17. november
8. desember

Arbeidsplan utsett

Sak 05/2026 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:

Ingrid Haugstad Håland - kjempegildt på årsmøtet, dette har me fått godt til!

Ann Karin Hammer - leiarane på beredskapsmøte, arbeider med presentasjon til NBK (høyring og idebank til beredskap (langtidslagring), for å få inn meir enn havregryn og salt

Anne Kristine L. Andersen - Skjold har fått invitasjon etter sonemøtet, 40 deltakarar på vårpynting"

Åse-Berit Fidjeland - lese gjennom protokollen

Valborg Roalkvam Sandal - har laga distriktsårsmøtet

Astrid Skretting - sonemøte på Varhaug i morgon med Sveinar Heskestad (101 påmelde) og har fått invitasjon til sonemøte sone 1 på Helleland 2. juni

Anne Margrethe Myhre - har laga distriktsårsmøte, nøgd med at kommune- direktøren ville koma, sonemøte i morgon med Anders Norstad om maten vår

Innkomne skriv og meldingar

Ingrid las opp brev frå Ole Eriksen om Kamerunturen; "Vi hadde en flott tur til Kamerun fra 10.3-19.3 og kom hjem i god behold. Vi fikk møtt de ulike sparegruppene og medarbeiderne våre, og diskutert hva vi skal/kan gjøre framover. Selv fikk jeg også et godt møte med ledelsen i kirka med samme tema. Det er et uttalt ønske om at vi fortsetter innsatsen, eventuelt i et annet område. Vi fikk enormt med takk fra alle hold for det vi har bidratt med. (...)"

Han ønsker at RBK deltar på årsmøtet og på drøftingsmøte om vidare arbeid. Astrid og Ingrid møter.

Eventuelt

13. april kl. 18.00 - Møte om beredskap i Norges bygdekvinnelag

18.-19. april skal leiarane og nestleiar på distriktsleiarsamling i Oslo

5.-6. juni landsmøte i Drammen - alle kan vera med, har seks (6) plassar

Sonemøte opp på neste møte med erfaringar m.m. Kvar sone må bestemma innhald ut frå kva som er naturleg, men ikkje nødvendigvis teatertur. Ein kan diskutera det på kursa. Tips om referatbok!

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)